

Dokumentarfilm « Idrettsmerkestatuett» v/ Ivar Asbjørn Sekse, Vegard Soldal (Kinsarvik) og Anne Lutro (Lofthus)

**Hordaland fylkeskommune**  
**Avd. Kultur og Idrett**  
**v/Tone Stedal Haugland**

E-post: [tone.stedal.haugland@hfk.no](mailto:tone.stedal.haugland@hfk.no)

Idrettsmerkestatuett. Vedrørende økonomisk støtte til synleggjering av idrettsmerke taking: ved å laga dokumantar om dette arbeidet.

Elevane Ivar Asbjørn og Vegard ved vaksenopplæringa i Ullensvang, begge med Downs syndrom, har i årenes løp lagt ned mykje kulturarbeid med: utstillingar, pressearbeid, TV medverknad, Gallup undersøking om krotakake steiking der dei fekk over 500 skriftlege svar mm. Det meste av dette er etter deira eigne idèar. No var det planar om å få filma idrettsmerketaking.

Sei sette i gong å laga dreiebok, hyra inn medhjelparar og fekk hjelp til å skriva søknadar om økonomisk støtte mm.

I årevis har dei teke idrettsmerke og tykte det var ein grei måte å få til bra trim. Etter å ha teke 15 årlege merke fekk dei idrettsmerkestatuetten. Stor stas, utdeling på Voss i regi av idrettskretsen. Elevane fann på at dei ville laga reklame for idrettsmerkataking. Ikkje minst innan deira eigen gruppe psykisk utviklingshemma. Samstundes ville dei òg supplera med promotering for deira heimstad Hardanger. Nyttå seg av Gruppe 1 TRIM og trimma medan dei gjekk, spelte ball, symja i kjende og mindre kjende omgivnader. Dei valde m.a. ut Munketreppene og symjebaseng i friluft vinterstid (Ullensvang ), Kjeåsen fjellgard og Viking gravlund (Eidfjord), Trimløype ved Noregs største stein (Odda) og Hellerissningar (Jondal). Då viste ein idrettsmerkeprøvar og område i Hardanger.

Vøringsfossen blei og nemnd, men då sa den eine; «Nei, Vøringsfossen er så kjend frå før av at me treng ikkje hjelpa den staden.»

Hordaland idrettskrets og NIF tykkjer om idrettsmerke profileringa at det er ganske unikt at slike elevar på eige hand ynskjerå vera med på slikt arbeid.

Råmateriale til filmen er ferdig filma, og vart lagd fram for filmkunnige personar. Dei meinar at materialet er så bra, at ein bør kosta på det profesjonell handsaming.

Ein prøver å få leigd inn folk til klipping og redigering. Det er svært kostbart, men me er i forhandlingar.

Me prøvde tidlegare få til eit samarbeid med NRK. Nokså nylig, fekk me tilbakemelding at det kunne dei dessverre ikkje. Men dei skreiv i mailen noko som var positivt: «*Temaet*

*Idrettsmerkestatuett omhandler er interessant og det ble filmet i noen fine og innholdsrike naturomgivelser.»*

*Vidare: «Dere må gjerne henvende dere til NRK sin innkjøpsavdeling med en eventuell ferdig dokumentar, så ville det vurderes kjøp av visningsrett. Velkommen tilbake med nytt innspill fremover. Prosjektredaktør Karoline Berg.»*

**Me søker om kr. 15 000,- til støtte til redigering av råmateriale.**

Kontaktperson: Anne Lutro

Adresse: Lutro, 5781 Lofthus

E-post: [anne.lutro@kinservik.net](mailto:anne.lutro@kinservik.net)

Telefon: 41 62 59 30

Organisasjonsnummer: 964 967 903 (Ullensvang herad)

Kontonummer: 3450 19 70427 (Ullensvang herad) Merk: Anne Lutro filmprosjekt